



Eit fint knippe av dei yngste trimmarane i bygda. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**På onsdag denne veka, vil turngruppa invitera bygdefolket til juleavslutning i aktivitetshallen frå 1700-1830. Det er ikkje berre juleavslutning som vert markert.**

Gruppa har også 30-års jubileum; noko som vil vera med å å farga kvelden. Her vil vi kunne få sjå innslag frå både 'gamle' og unge turnarar.

Det vert sal av hot dog, kaffi og kaker, så her vil ein kunne ta ettermiddagskaffien i godt lag. Vi håpar at flest mogleg finn vegen til aktivitetshuset denne kvelden.

Uskedalen.no vil med dette gratulera jubilanten!



Det er ikkje mangel på turnglade damer i bygda. Fleire av medlemmane i denne gruppa har vore med og støtta opp om gruppa år etter år.  
(Foto: Ola Matti Mathisen)